



Høgre-leiar Erna Solberg og leiar i Kvinnherad Høgre Gunn Mari Moberg i Rosendal. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Gunn Mari Moberg, uskedeling og leiar for Kvinnherad Høgre, hadde ei spesiell vertskapsrolle måndag. Kommunepartiet hadde Høgres leiar Erna Solberg på besøk og under ein tettpakka rundtur som Erna sjølv kalla begivenheitsrik lærte dei kvarandre nærare å kjenne.

- Eg vart svært imponert over Erna og då ikkje minst over kva ho sit inne med kunnskapar om alt mogeleg, sa Gunn Mari til uskedalen.no då dei var undervegs til siste post på programmet, som var Muradalen.

I rundturen, som ellers hadde Rosendal Fjordhotell, SØRAL og Valen som stoppestader, deltok også mellom andre fungerande fylkesordførar Trond Kristian Nilsen og ordførarkandidat Arne Havneås. På hotellet møtte ho både sentrale Høgrekandidater ved valet i haust og lensmann Jan Fosse, som ikkje minst kom inn på rekrutteringa til yrket.

Erna Solberg er nær knytt til Kvinnherad og det har ho vore heilt sidan ho som born ferierte på Ænes. No er det ho sjølv kallar "eit gudsførlatt hjørne av Varaldsøy" feriestaden hennar. Der er ho no om dagen og difor var det naturleg å gje Kvinnherad ein "valkamp-forsmak".

- Men igrunnan har eg sjeldan vore i Kvinnherad som politiker og det er viktig for meg å læra meir om kommunen, sa Erna og ausa av dei kunnskapane som låg til grunn for dei mange spørsmåla ho stilte og sakene ho sette i fokus igjennom dagen

Ein av dei galdt oppløringa av vaksne som SØRAL driv og som Høgre-leiaren tykte var imponerende og eit føredøme for andre. Men ho kom heller ikkje utanom energisituasjonen då ho var på SØRAL.

Samferdsel var eit sjølv sagt tema også denne dagen og Høgre-leiaren gjorde det klart at hennar parti overlet heilt til dei lokale organa å bestemme i sakene som gjeld bompengar. Ho understreka også behovet for ekstraordinært vedlikehald på vegsektoren, der det er eit formidabelt etterslep også i fylket vårt.

Av Ola Matti Mathisen